



Fylkesmannen i Hordaland

Franzefoss Gjenvinning AS Avd Knarrevik
Postboks 53
1309 Rud

Bergen, 13.04.2018

Sendt på epost til gjenvinning@franzefoss.no

Dykkar ref.:

Vår ref.(oppgi ved svar):
2015/3771
Sakshandsamar:
Astrid Holte

Rapport frå inspeksjon ved Franzefoss Gjenvinning AS avd Knarrevik

Kontrollnummer: 2018.073.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Espen Fjell, Julia Solberg, Petter Rørvik

Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Astrid Holte, Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Franzefoss Gjenvinning AS avd Knarrevik den 27.02.2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 2 avvik innan følgjande tema under inspeksjonen:

- krav i utsleppsløyvet
- internkontroll

Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Astrid Holte
Senioringeniør

Sissel Storebø
Senioringeniør

Kopi til: Fjell kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Franzefoss Gjenvinning AS avd Knarrevik	
Organisasjonsnr.: 980888487	Eigd av: 975265412
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

Kontrollert anlegg

Namn: Franzefoss Gjenvinning AS Knarrevik - mottak/lagring farlig avfall	Anleggsnr.: 1246.0035.01
Kommune: Fjell	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall – mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 03.11.2017	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for Mottak og mellomlagring av farleg avfall 2018. Aksjonen er landsdekkande.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Farleg avfall: mottakskontroll, journalføring, handtering, lagring, vidarelevering, finansiell sikring
- Utsleppskontroll
- Internkontroll: avvikssystem, risikovurdering, beredskap

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Franzefoss Gjenvinning AS avd Knarrevik pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi

om at verksemda innan 1. september 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Vi har gitt same frist for tilbakemelding på avvika som Norsk Gjenvinning AS avd. Knarrevik har i sitt løyve til utgreiing av utslepp til vatn. Dette er lengre frist for tilbakemelding enn dei andre verksemdene i aksjonen, men er gjort for å sikre lik oppfølging innanfor same geografiske område og legge til rette for ev. samordning av kartlegging av utslepp.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 27.02.2018. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar utan løyve etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Franzefoss Gjenvinning AS avd Knarrevik betale eit gebyr på kr 22 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda følgjer ikkje alle vilkår i løyvet.

Avvik frå:

Løyve etter forureiningslova til mottak og lagring av farleg avfall for Franzefoss Gjenvinning AS avd. Knarrevik av 03.11.2017:

- punkt 12.4 Varsling om akutt forureining
- punkt 13.1 Kartlegging av utslepp

Kommentar til regelverket:*Varsling*

I løyvet er det krav om varsling om akutt forureining til Fylkesmannen.

Kartlegging av utslepp og oversikt

I løyvet er det krav til systematisk kartlegging av alle diffuse utslepp og punktutslepp til vatn. Det er særskilt krav til oversikt over overvatn og avløpsvatn, inkludert vassmengder, eksisterande røyrsystem og grad av forureining. Kartlegginga skal leggest til grunn for utarbeiding av programmet for utsleppskontroll.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:*Varsling*

Varslingsliste var ikkje oppdatert, m.a. var det ikkje ført opp varsling til Fylkesmannen ved akutte utslepp.

Kartlegging av utslepp og oversikt

Verksemda hadde ikkje gjennomført kartlegging av alle utslepp til vatn eller laga oversikt over overvatn og avløpsvatn, inkludert vassmengder, eksisterande røyrsystem og grad av forureining.

Verksemda hadde ikkje kartlagt om overvatn eller avløpsvatn inneheldt forureining av komponentar som kan ha miljømessig verknad i utslepp til vann. Dette gjeld særleg prioriterte miljøgifter, jf. vedlegg 1 til utsleppsløyvet.

Verksemda opplyste at røyrsystemet var svært gammalt. Plassering og kvalitet på leidningsnett, kummar m.v. for overvatn og avløpsvatn var ikkje dokumentert.

Verksemda opplyste vidare at målingar frå liknande anlegg i Haugesund viste lite forureining i utsleppet. Det er likevel krav om særskilt kartlegging for dette anlegget.

Avvik 2:

Rutinar og risikovurdering hadde manglar.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 6 om risiko og 7 om rutinar

Kommentar til regelverket:*Miljøriskovurdering*

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Rutinar

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:*Miljøriskovurdering*

Fare for forureining frå lasting/lossing og vasking av IBC var ikkje vurdert i miljørisikovurderinga. Samanheng mellom risikovurdering og handlingsplan var uklar.

Ev. søl og spill frå lasting og lossing utanfor hall for farleg avfall har avrenning til svært gammalt leidningsnett med utslepp i sjøen (utan oljeutskiljar). Området var asfaltert. Det var tilgjengeleg beredskapskontainar med m.a. adsorpsjonsmateriale og lenser. Det var ikkje vurdert om dei risikoreduserande tiltaka var tilstrekkeleg for å stette krav i løyvet punkt 4.2 om utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.

IBC blei tidlegare vaska utandørs på asfaltert område mellom/utanfor lagerhallar. Området har avrenning til svært gammalt leidningsnett med direkte utslepp i sjøen (utan oljeutskiljar). Det blei opplyst at vasking berre blei utført ved tørt vær og at alt vatn blei samla opp. Verksemda opplyste at utandørs vasking no hadde opphøyrd, og at aktiviteten i framtida skulle gjennomførast innandørs i hall med tett dekke og utan avløp.

Rutinar

Rutine for farleg avfall var ikkje oppdatert etter overføring av løyvet. Mellom anna var det var omtalt rapportering til Miljødirektoratet i staden for til Fylkesmannen.

7. Merknader

Vi ga ikkje merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Informasjon om handtering av vindaug som inneheld ftalater og asbest

Vindaug som ikkje er farleg avfall på grunn av innhald av PCB- eller klorparafin kan innehalde ftalater eller asbest (Thermopane-vindaug). Miljødirektoratet har i samband med aksjonen opplyst at dei på generelt grunnlag ikkje har tatt stilling til om desse vindauga er farleg avfall. Fugene vil ofte vere farleg avfall, men det er usikkert om heile vindaug er farleg avfall. Desse vindauga må likevel handterast forsvarleg. Dersom desse vindauga blir kasta i restavfallet vil vindaug knuse og det vil vere fare for at vindaug kjem over grenseverdien for farleg avfall. I tillegg kan eksponeringsfaren for asbest auke. Slike vindaug skal derfor ikkje kastast i restavfallet, men leverast heile.

Krav til kartlegging av utslepp

Verksemda har søkt om nytt løyve. I det nye løyvet kan verksemda vente konkrete krav til kartlegging av utslepp frå heile anlegget, inkludert sorteringsanlegget og mottak for EE-avfall og farleg avfall.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen